



Ståle Dyngeland
Eidsnesvegen 35
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/382 - 20/22569

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
28.04.2020

Tilbakemelding på saksbehandling i sak 20/382, jf. 19/2073 - gbnr 212/45 Eikanger øvre

Tiltak: brygge
Byggjestad: Gbnr: 212/45
Tiltakshavar: Ståle Dyngeland
Ansvarleg søkjar:

Vi viser til dykkar e-post mottatt 15.04.2020, der spørsmål i høve til saksbehandlinga for avslag på søknad om dispensasjon for legalisering av trebrygge og betongplattung, vert tatt opp.

I følgje dykk, så har målet vore å kome i hamn med søknaden. Du stiller spørsmål ved saksbehandlinga då administrasjonen ikkje har kontakta dykk undervegs for å nå dette målet. Klargjering/samhandling før vedtak vart fatta, sikrar ein trygg og grundig saksbehandling etter forvaltningslova. Dessutan har ikkje administrasjonen vurdert moglege løysingar for plassering av utsleppsleidning for gråvatn/kloakk samt om ein synfaring på staden er aktuelt. Du legg til grunn at dispensasjonssøknaden ikkje er tilstrekkeleg vurdert opp mot faktorar som taler for ein dispensasjonssøknad. I tillegg er 2 av 3 saker, som er påberopt av dykk som grunnlag for likebehandling, ikkje tilstrekkeleg utreda.

Administrasjonen presiserer at ved søknad om tiltak, så skal administrasjonen behandle tiltaket slik det er søkt om. Ved manglar ved søknaden vil vi kontakte søkjar for tilleggsinformasjon slik at søknaden vert komplett.

Det er ikkje administrasjonen si oppgåve å sørkje for rettleiing om moglege løysningar for tiltaket eller konsekvensar av tiltaket slik som plassering av avløpsleidningar, utan at dette vert spurt gjennom for eksempel ein førehandskonferanse. Dette er ein del av prosjekteringa av søknaden som søkjar sjølv har ansvar for å klarlegge. Om synfaring er aktuelt, vert vurdert opp mot den enkelte søknad. Det er administrasjonen som avgjer om synfaring er aktuelt. Der det ikkje er aktuelt, ver det ikkje tatt opp i vedtaket.

Ved søknad er det administrasjonen som skal vurdere forholda som taler for og mot eit vedtak. Ein eventuell klagebehandling vil ta opp i seg ytterligere vurdering av dei forholda som vert påberopt av klagar.

Når det gjeld 2 av 3 saker som i følgje dykk ikkje er tilstrekkeleg utreda, er det ikkje vist til kva for nokre saker det gjeld. Administrasjonen viser på generelt grunnlag til likebehandling for dei tilfella som er lik både faktisk og rettsleg. I tillegg må samanlikningsgrunnlaget gje ein eintydig og konsekvent praksis, sjå vedtaket side 9. Dette er grunnlaget for at administrasjonen på gbnr 212/66 kun gjennomgikk dei tiltaka som er tilsvarande vår sak, sjå side 9 nest siste avsnitt. Det same grunnlaget er lagt til grunn i dei to andre sakene. Ein eventuell klagebehandling vil ta opp i seg ytterligere vurdering av dei forholda som vert påberopt av klagar.

Vi visar vidare til brev sendt 28.04.2020.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ståle Dyngeland

Eidsnesvegen 35

5913

EIKANGERVÅG